



ORDFØRARANE: Tre ordførarar, Jan Geir Solheim frå Lærdal, Jarle Aarvoll frå Sogndal og Harald Offerdal frå Balestrand, framme i biletet, var imponerte over innovative SunDrive sitt produkt, som gjekk til topps for beste idéen.



UNIKE SOLSTOLAR: Fire høyangergutar, Abdiazz, Henok, William Rolland, bak, og Marius Stølen står bak gjenvinningskonseptet, ein solstol sett saman av overskotsplank.

Innovative unge viste so

■ ■ Årdalsjenter imponerte

■ ■ Stolar på overskotsplank

■ ■ Tilskot

HØYANGER: Dei tre årdalsjentene mønstra ikkje berre det mest spennande produktet.

Dei var også flinkast til å gjera greie for den innovative prosessen bakom.

Problema undervegs

Niendeklassingane frå Farnes ungdomsskule hausta mykje begeistring, ikkje minst i rekka av ordførarar.

Ordførarane frå Lærdal, Balestrand og Sogndal var imponerte over det dei såg og hørte på standen til SunDrive. Sogndalsordførar Jarle Aarvoll noterte at dei tre hadde løyst mange problem undervegs.

– Heller enn å gje seg opp søkte dei kompetanse av ymse slag som kunne hjelpe dei vidare, konstaterer han, og får nikande samtykke frå kollegaene sine.

Hengja på sekken

– Dei har prøvd og feila og kome i mål med produktet, seier Jan Geir Solheim, som sjølv har erfaring med ein solcelleladar.

Dei tre utviklarane i SunDrive har laga ein mobilladar, ein feltladar, kunne ein seia.

– Han kan hengja bakpå ryggsekken og lada på solceller medan ein går i fjellet, forklarar dei tre, som bur i same kommune som ein annan aktør på solenergi, giganten Norsun.

I Høyanger gjekk dei til topps med beste produktidéen under Entreprenørskapsmessa torsdag.

Ulike i uttrykket

Dei tre veit at det er eit stykke fram til kommersielt produkt.



SOLCELLEDRIFT: Ladaren Natalie Nes viser fram er resultatet av tre årdalsjenters utviklingsarbeid, Helena Damli Rudi og Marte Hollevik er dei andre to

– Først skal me vera trygge på at dette er solid og at det verkar godt, seier dei, og er budde på at det tek tid.

På ein stand lenger inne i Idrettshallen viste fire gutar frå Høyanger fram eit anna «solprodukt». På basis av over-

skotsmaterial, eller drivved, for den saks skuld, skur dei saman eit solstolkonsept.

Komponentane er dei same, det ferdige produktet likeleis, men patinaen er unik og i det ytre skil stolane seg tydeleg frå kvarandre.

Fann designet på nett

– Me la merke til at mykje gamal plank låg og dreiv omkring, seier Marius Stølen. Ideen tok form etter kvart og blei konkretisert etter ein tur på nettet.

– Me fann ei løysing me likte, forklarar William Rolland, og blir supplert av Abdiazz og

Henok, som forklarar at stolen frå Stol på gutta var klar etter ørlite redesign.

– Ta med materialen

– Kor leng tid tek det å byggja ein stol?

– Me har brukt fire timar per stol, men det er mogleg å gjera det snøggare, seier Abdiazz, og trur det ligg eit solid potensial i å drilla monteringsprosessen. Dei fire fortel at alle fem er selde. Dei er litt usikre på når fem nye kan vera klare for marknaden.

– Me har ikkje teke endeleg stilling til det, seier Henok, og

ser på dei andre tre, som ikkje er framande for å planleggje ny produksjon til vinteren.

– Det beste er om kundane kjem med materiale dei ynskjer omskapt til stolar, seier dei fire.

Slo til i nærmiljøet

Det er ikkje berre i industrikommunane Årdal og Høyanger at det bur lovande gründerar. Smitt og smule-gjengen frå Aurland gjorde reint bord i to av seks disiplinlar.

15-åringane frå Aurland barne- og ungdomsskule blei kåra til beste elevbedrifta på miljø-



18. JUNI '17

JOTUN FOTBALL INVITERAR TIL:
**3v3 Fair play turnering
for jenter og gutar 6-11år**

STAD: JOTUN STADION / DATO: 18. JUNI 2017
Du treng berre 2 fotballglade vener for å melde på laget ditt!
Påmelding: www.3v3.Jotun-fotball.no eller www.profixio.com/reg



AURLENDINGANE: Breie smil på podiet i Idrettshallen i Høyanger, frå venstre, Monica Hylland Hjellum, Jon Ohnstad, Sara Tønnessen, Sara Høydal og Silje Slettestøl frå 9. klassen ved Aurland barne- og ungdomsskule.

eg fram

til lunsjen



frå Farnes ungdomsskule bak den lovande dingsen.

profil, men tok også med seg tittelen Beste elevbedrift. Dei henta heim trofeane sine på produktet brødkurtongar. Produktet har slått til i nærmiljøet deira, torsdag fekk dei vist seg på Entreprenørskapsmessa i Høyanger.

Ropte opp to gonger

– Me er svært glade for at dette blir sett pris på, seier Silje Slettestøl, som saman med dei fire partnerane vart ropte opp på scena i Idrettshallen to gonger.

Dei stakk av med tittelen Beste elevbedrift, men dei

gjekk også til topps på ein annan kvalitet, nemleg ideen sin karakter av nærmiljøkvalitet. Brødkurtongene i krydder og olje har nemleg slått til i krinsen rundt 9. klassen i Aurland.

– Me har jobba hardt med dette, seier Jon Ohnstad, og får nikkande samtykke frå før nemnde Silje og Monica Hylland, Sara Tønnessen og Sara Høydal.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no

– Stort og vanskeleg, men også enkelt

HØYANGER: – Ta grep om eiga framtid, seier Espen Løbø Solhaug, og tek eit solid grep om dei framømte 15-åringane.

25-åringen har rokke mykje på dei ti åra han ligg framom publikummet sitt.

Til dagleg er han bygningsingeniør, men på fritida utviklar han ein app. Bodskapen hans er klar, hald fast ved trua på deg sjølv og legg ein plan.

– Det er stort og vanskeleg, men også enkelt, seier Espen, og prøver forklara salen med unge at det ikkje treng vera vanskeleg å få ei verksemd opp og gå.

– Alt som 15-åring

Han appellerer til dei unge om å ikkje la seg snakka ned, men fylgja idéen sin og ta med seg lærdom og ny innsikt på vegen.

– Det er mykje å henta undervegs, seier han, mykje for eigen bruk og mykje som kan



SYSTRENDINGAR: Espen Løbø Solhaug, her med ein flokk 15-åringar frå Leikanger ungdomsskule, er klar til å læra dei unge litt om kunsten å ta grep, for i neste omgang å klara skapa sin eigen arbeidsplass.

overførast til andre.

Espen meiner det er høveleg å tenkja eigen arbeidsplass alt som 15-åring. Han minner dei unge på at grep om eiga framtid ikkje er noko ein gjer berre ein gong.

Utviklar gåve-app

– Du tek ikkje grepet ein gong for alle, men det er eit godt

prinsipp å jobba etter, hunden min gjer ikkje det, men han eller ho som ynskjer skapa sin eigen arbeidsplass, tek grep, før eller seinare, seier Espen Løbø Solhaug.

Han held fram med å utvikla appen sin, eit produkt som skal hjelpe dei som er ute i siste stund for å handla gåver, ein gåve-app.



KAMPEN OM LUSTER: Gründerane Benjamin Engen, Kolbein Eide Bukve, Stine Leirdal, Guro Gautepllass Lie, Anja Kvalsøren og Valentas Valentakevicius fekk god hjelp av åtte ordførarar i arbeidet med å selja Brettspillet Kampen om Luster, ordførarane i rekkja bak er Jan Geir Solheim, Lærdal, Noralv Distad, Aurland, Arild Ingar Lægreid, Årdal, Petter Sortland, Høyanger og Harald Offerdal, Balestrand. Leikangerordførar Jon Håkon Odd og sognaldsordførar Jarle Aarvoll flankerer lustraordføraren himself i fremste rekkja. Vikjaordførar Olav Turvoll er fråverande på biletet.

Kunnskap om Luster servert på eitt brett

HØYANGER: Brettspillet blir ein slags eksamen i lustrakunnskap.

Ordførar Ivar Kvalen ville hatt lett match mot kollegaene sine.

God lustrastartar

– Det går ut på å gjera seg betre kjend i Luster, seier Kolbein Eide Bukve, som saman med fire partnerar hadde rigga stand på Entreprenørskapsmessa.

Ordførarane i Sogn fekk høve til å studera dei unge

gründerspirene i Idrettshallen. Ved lustrastanden kunne dei sikra seg Kampen om Luster, brettspillet for lustrakjenningar, eller for dei som vil læra meir om kommunen ingen klarer få med på reformlaget sitt.

Spesialkompetanse

Dei fem har lagt mykje arbeid i produktet. Som dei tre solcellejentene frå Årdal, har desse også støtta seg på spesialkompetanse. Såleis har Digital Etikett vore hjelpsame på dekorsida.

– Me har sett stor pris på den

hjelpa, seier Benjamin Engen, og Stine Leirdal, Guro Gautepllass Lie og Anja Kvalsøren nikkar samtykkande, forutan også Valentas Valentakevicius.

Spent på spurnaden

– Kor stort er førsteopplaget? – Me har 38 tingingar, i første omgang tek me sikte på å dekkja desse og litt til, seier Benjamin Engen, og blir supplert av Anja Kvalsøren:

– Me er klare til å produsera fleire om spurnaden tek av.